
Fra: sk@bkkfiber.no
Sendt: fredag 18. september 2020 12:03
Til: Postmottak Alver
Emne: Søknad om løyve til tiltak Skøssen Gard
Vedlegg: C-1 Kvittering nabovarsel.pdf; C-2 Nabovarsel Morten.pdf; C-3 Nabovarsel Magnhild.pdf; E-01 Fasadetegning.pdf; Søknad om løyve til tiltak Skøssen Gard.pdf; D-1 Situasjonsskart skøssen gard.pdf

Hei.

Vedlagt ligg søknad om byggeløyve for ny driftsbygning på Skøssen Gard. Driftsbygningen ønskjer me å få satt opp i forbindelse med den nystarta fruktproduksjonen på garden.

Våren 2020 planta me 310 epletrær, og fram mot 2023 vil me planta ytterlegare 1000 trær. I løpet av 2021 ønskjer me difor å få på plass ny driftsbygning slik at me kan få lagra og utført vidareforedling av produkt frå eple.

Bygningen skal innreiast med kjølerom og maskiner og utstyr for blant annet pressing, produksjon og tapping av eplejuice og sider.

Allereie hausten 2021 vil me frå eksisterande plantar hausta ca. 1,5 tonn eple og om to til tre år, vil me ha meir enn 10 tonn med frukt til konsum og til vidareforedling.

Med vennleg helsing
Svein Kvamme
Skøssen Gard
sk@bkkfiber.no
Tlf. 90 70 60 77